



Ål kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
17/02459-5

Dato
19.01.2018

Melding om vedtak: Uttale Konesjonssøknad Frosen kraftverk

Ål kommunestyre har behandla saka i møte 18.01.2018 sak 1/18, og gjorde slikt vedtak:

Vedtak :

Ål kommune vedtek fylgjande høyringsuttale om utbygging av Frosen kraftverk:

Kort om søknaden

Frosen kraftverk vil utnytte deler av avrenning frå eit felt på 295 km² i det om lag 70 meter høge fallet mellom dei regulerte vatna Frosen/Mjåvatnet og Rødungen. Kraftverket vil nytte Stolsmagasinet og ein andel av overført vatn som går ut via Juvåne. Frosen kraftverk vil nytte om lag halve E-CO sin fallrett i Urundatilsiget.

Kraftverket vil ligge «i dagen» og bli tilpassa lokal byggeskikk. Utbygginga vil ikkje føre til nye reguleringar. Prosjektet vil gje ein midlare årsproduksjon på 24,3 GWh.

Miljømessige konsekvensar

Området er i dag i omfattande grad prega av vasskraftutbygging. Hol 1 Votna har inntak i Varaldsetvatn nedstraums Rødungen, og det tappast i dag frå Stolsmagasinet og Rødungen til Varaldsetvatn. Om lag 90 % av tilsiget til Stolsvassmagasinet rann opprinneleg til Urunda, men blir no tappa gjennom Rødungen og Varaldset. Dette gjer at vassføringa i elva mellom Mjåvatn og Rødungen er til tider svært stor, men i dei tider der det ikkje blir tappa er den heilt borte. Utbygginga av Frosen kraftverk vil føre at mindre vatn vil gå gjennom elva. I konsesjonssøknaden er det foreslått å sette vilkår om minstevassføring i konsesjonsvilkåra. Denne vil bli størst i sommarhalvåret. Med den foreslåtte minstevassføringa vil elvestrekninga få ein tilstand som er meir lik dei opprinnelege vassføringstilhøva før utbygging av Mjåvassdammen.

Det er i konsekvensutgreiinga lagt til grunn at bruken av Stolsvassmagasinet og Rødungen skal bli som før. Me finn denne føresetnaden å være noko merkeleg i og med at det er mindre slukeevne i kraftverket enn det er i dagens luke ved Mjåvatn. Etter vår meining vil truleg reguleringsforeininga justere dagens tappepraksis slik at tappinga frå Stolsvatn går over noko lengre tid for å unngå flaumtap forbi det nye Frosen kraftverk. Ei slik endring vil få som konsekvens at fyllinga av Rødungen vil ta lengre tid. Ein vil nå haustvasstand på eit seinare tidspunkt enn det ein gjer i dag. Dei forventa verknadane av ei slik endring er imidlertid vurdert til å være små. Verknaden må konsekvensutgreiast.

Utløpet av Frosen kraftverk vil ligge høgare enn LRV i Rødungen. På våren, i alle fall dei fyrste åra, vil ein få ein spyleeffekt ut i Rødungen med fare for blakking. Denne verknaden er ikkje omtala i rapporten.

Det framgår av konsekvensutgreiinga at redusert vassføring kan få konsekvensar for naturmiljø og biologisk mangfold, men konsekvensane er vurdert som ubetydelege eller lite negative.

Prosjektet Mjåvatn kraftverk viser at potensialet for utbygginga av vassdraget er på 46,6 GWh. Det kan påpeikast at når ein fyrst skal byggje ut vassdraget, burde årsproduksjonen vere større enn 24,3 GWh.

Økonomiske konsekvensar av utbygginga

Denne utbygginga vil truleg gje om lag 1 GWh konsesjonskraft til kommunen.

Konklusjon

Ål kommune meiner E-CO i dette prosjektet har fått til ei rimeleg avveging av omsyna til naturmiljø, samfunnsmessige interesser og samstundes klart å framskaffe ny fornybar og miljøvennleg energi.

Ål kommune stiller seg på denne bakgrunn positiv til ei utbygging av Frosen kraftverk.

Med helsing

Tone Tveito Eidnes
rådmann

Godkjent og ekspedert utan underskrift

